



# Prop. 119 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

---

Endringar i havressurslova m.m.  
(regulering av turistfiskenæringa m.m.)



# Innhold

<b>1</b>	<b>Hovudinnhaldet i proposisjonen .....</b>	<b>5</b>	<b>4</b>	<b>Oppheving av fiskeriforbodslova .....</b>	<b>9</b>
<b>2</b>	<b>Bakgrunn for lovforslaget .....</b>	<b>6</b>	<b>4.1</b>	Gjeldande rett .....	9
2.1	Regulering av turistfiskenæringa .....	6	4.3	Høyringsforslag .....	10
2.2	Høyring om turistfiskenæringa .....	6	4.4	Høyringsfråsegner .....	11
2.3	Oppheving av fiskeriforbodslova .....	7	<b>5</b>	Departementet si vurdering .....	11
2.4	Høyring om oppheving av fiskeriforbodslova .....	8	<b>6</b>	<b>Administrative og økonomiske konsekvensar, konsekvensar for det samiske folket .....</b>	<b>11</b>
<b>3</b>	<b>Regulering av turistfiskenæringa .....</b>	<b>8</b>	<b>6</b>	<b>Merknader til dei enkelte paragrafane .....</b>	<b>11</b>
3.1	Gjeldande rett .....	8			
3.2	Høyringsforslag .....	8			
3.3	Høyringsfråsegner .....	9			
3.4	Departementet si vurdering .....	9		<b>Forslag til lov om endringar i havressurslova m.m. (regulering av turistfiske- næringa m.m.) .....</b>	<b>14</b>



# Prop. 119 L

(2016–2017)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i havressurslova m.m. (regulering av turistfiskenæringa m.m.)

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 21. april 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Nærings- og fiskeridepartementet foreslår i denne proposisjonen endringar i fleire lover.

Forslaget går for det første ut på å innføre ein lovheimel for regulering av turistfiskenæringa i lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 22 femte ledd. For det andre går forslaget ut på å oppheve lov 17. juni 1966 nr. 19 om forbud mot at utlendinger driver fiske m.v. i Norges territorialfarvann (fiskeriforbodslova) ved å flytte føresegnehene i denne lova til havressurslova. I denne samanhengen foreslår vi dessutan enkelte justeringar i lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone (økonomiske sonelova).

Forslaget om regulering av turistfiskenæringa går ut på å gje departementet heimel til å fastsetje forskrift som pålegg verksemndene ei plikt til å gje opplysningar til styresmaktene om alt fiske i sjø som dei legg til rette for. Pålegget skal kunne rettast mot alle som eig eller driv anlegg eller verksemnd for sports- og rekreasjonsfiske, eller som for næringsformål legg til rette for slikt fiske. Eit sentralt formål er å leggje til rette for at forvaltninga kan få betre oversikt over det samla uttaket av viltlevande marine ressursar som kan knyttast til slike verksemder.

Departementet foreslår dessutan å gje departementet heimel til i forskrift å fastsetje krav til

registrering av slik verksemd, og gje nærmere føresegner om vilkår for slik registrering. Ein foreslår vidare å lovfeste at departementet kan gje føresegner om at retten til å vere registrert kan kallast tilbake ved grove eller gjentekne brot på vilkåra.

Forslaget til lovheimel for regulering av turistfiskenæringa vil gjere det mogleg å regulere denne næringa på lik linje med all anna verksemd som haustar av ressursane i havet for næringsformål.

Fiskeriforbodslova regulerer retten for utlendingar til å drive fiske og anna fiskerirelatert verksemd i norsk territorialfarvatn. Forslaget om å oppheve fiskeriforbodslova går ut på å flytte føresegnehene i lova til havressurslova. Hovudformålet er å forenkle regelverket ved å oppheve ei unødwendig lov og samle føresegner om fiske i sjø i ei felles lov.

Det er ikkje eit formål å gjere materielle endringar i føresegnehene i fiskeriforbodslova. Forslaget inneber likevel ei materiell endring ved at føresegnehene om sanksjonar og andre reaksjonar ved brot på havressurslova vil gjelde også ved brot på føresegnehene som vert flytta frå fiskeriforbodslova. Dette vil vere ein fordel både fordi det inneber at same sanksjons- og reaksjonsførersegner gjeld for utlendingar og norske statsborgarar, og fordi sanksjonssystemet i havressurslova er meir moderne enn sanksjonane i fiskeriforbodslova.

## 2 Bakgrunn for lovforslaget

### 2.1 Regulering av turistfiskenæringa

Turistfiskenæringa er i dag lite regulert, og forvaltinga manglar påliteleg kunnskap om det samla uttaket frå havet som kan relaterast til denne næringa, særleg når det gjeld kystnære ressursar. Dette er uheldig fordi alle som haustar av våre felles ressursar har eit medansvar for at uttaket skjer på berekraftig vis. Dette gjeld ikkje minst dei som for næringsformål baserer seg på slikt uttak.

Fiskeri- og kystdepartementet sette på denne bakgrunn hausten 2010 ned ei arbeidsgruppe for å vurdere moglege forvaltingstiltak overfor den raskt veksande turistfiskenæringa langs kysten i Noreg.

Arbeidsgruppa var sett saman av ulike partar, med medlemer frå både næring, forsking og forvaltning. Gruppa utarbeidde rapporten *Turistfiske i sjø* 27. juni 2011 der alle medlemene var samde om forslaga til tiltak.

Arbeidsgruppa foreslo ei rekkje tiltak for å regulere turistfiskenæringa. Sentralt var eit forslag om å opprette ei obligatorisk registreringsordning for næringsverksemder basert på turistfiske i sjø. Arbeidsgruppa meinte eit slikt register vil gjere det lettare å kartleggje aktivitet som baseirer seg på hausting av fellesskapet sine ressursar.

Vidare foreslo gruppa å opprette eit obligatorisk register over fartøy, der det går fram om fartøyet skal brukast til utleige. Gruppa foreslo dessutan ei ordning for rapportering av fangst frå turistfiskeverksemderne. Grunngjevinga var behov for meir kunnskap om næringa, og om verknaden på ressursuttaket i sjøen.

Rapporten har vore på allmenn høyring. Departementet fekk over 30 høyringsinnspel med konkrete merknader. Høyringsinnspela var i hovudsak positive til dei mest sentrale forslaga i rapporten om registrering av turistfiskeverksemder og rapportering av fangst.

### 2.2 Høyring om turistfiskenæringa

Med utgangspunkt i forslaga frå arbeidsgruppa og innspela i høyringsrunden, utarbeidde departementet eit høyringsnotat 28. september 2016 med forslag til endringar i havressurslova § 22 og ny forskrift om turistfiskeverksemder m.m. Høyringsnotatet foreslo fleire ulike tiltak. To av tiltaka kravde endringar i havressurslova, høvesvis forslaget om innføring av ei ordning med rapportering av fangst og forslaget om registrering av turistfiskeverksemder.

I forslaget til ny forskrift foreslo departementet ei rekkje føresegner om registrering av turistfiskeverksemder. Ein foreslo til dømes at verksemdene må oppgi relevant informasjon, mellom anna om utleigefartøy, tal på sengeplassar, fiskeutstyr og fasilitetar.

Vidare foreslo departementet å opprette ei enkel rapporteringsordning om ressursuttaket. Hovudformålet er å få eit betre bilet av ressursuttaket frå turistfisket enn vi har i dag. Departementet foreslo dessutan å auke utførselskvoten for fisk og fiskevarer frå sportsfiske frå 15 kilo til 30 kilo for turistar som har hausta i regi av registrerte turistfiskeverksemder, og at utførselskvoten skal gjelde for ein periode på 7 dagar i staden for ein periode på 24 timer som i dag.

Forsлага til forskriftsendringar vil ikkje verte omtala nærmare i denne lovproposisjonen, men følgt opp av departementet dersom Stortinget vedtek nødvendige lovendringar.

Departementet sende høyringsnotatet om lovendringar og ny forskrift til følgjande institusjonar og organisasjoner:

Departementa

Fiskeridirektoratet  
Havforskningsinstituttet  
Innovasjon Noreg  
Miljødirektoratet  
Norsk institutt for naturforskning  
Regelrådet  
Sametinget  
Sjøfartsdirektoratet  
Skattedirektoratet  
Tolldirektoratet  
Universitetet i Tromsø v/Noregs fiskerihøgskole

KS

Akershus fylkeskommune  
Aust-Agder fylkeskommune  
Finnmark fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune  
Nordland fylkeskommune  
Nord-Trøndelag fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune  
Sør-Trøndelag fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Telemark fylkeskommune  
Troms fylkeskommune  
Vest-Agder fylkeskommune  
Vestfold fylkeskommune  
Østfold fylkeskommune

Bellona	Møre og Romsdal fylkeskommune
Finans Norge	Rogaland fylkeskommune
Fiskebåt	Sogn og Fjordane fylkeskommune
Fiskekjøpernes Forening	Troms fylkeskommune
Landsorganisasjonen	Vest-Agder fylkeskommune
Natur og ungdom	
NHH v/Samfunns- og næringslivsforskning	Arne Dag Isaksen
NHO Reiseliv	Din Tur AS
NOFIMA	DIALOG AS
Norges Fiskarlag	Finnmark Senterparti
Norges Fritids- og Småfiskerforbund	Fiskebåt
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Fiskekjøpernes foreining
Norges Kystfiskarlag	International Marine Certificate Institute
Norges Naturvernforbund	Landsorganisasjonen
Norges Råfisklag	Lille Langøya Fiskebonde
Norges Sildesalgslag	Miljøvernforbundet
Norske Sjømatbedrifters Landsforening	NHO Reiseliv
Norsk Nærings- og Nyttelsesmiddelforbund	Nordland Fylkes Fiskarlag
Norsk Sjømannsforbund	Norges Fiskarlag
Norsk Sjømatsenter	Norges Fritids- og Småfiskerforbund
Norsk Sjøoffisersforbund	Norges Jeger- og Fiskerforbund
NORUT	Norges Kystfiskarlag
Pelagisk Forening	Norges Råfisklag
Redningsselskapet	Norsk Nærings- og Nyttelsesmiddelforbund
Rogaland Fiskesalgslag	Norske Sjømatbedrifters Landsforening
Sjømat Norge	Novasol AS
Skagerakfisk	Pelagisk Foreining
Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag	Polar Web AS
Vest-Norges Fiskesalslag	Safe Boating AS
Virke	Skagerakfisk
WWF Norge	Tregde Ferie AS
	Velfjordferie
Departementet har motteke høyringssvar frå følgande institusjonar, organisasjonar og personar:	
Arbeids- og sosialdepartementet	
Helse- og omsorgsdepartementet	
Justis- og beredskapsdepartementet	
Klima- og miljødepartementet	
Kunnskapsdepartementet	
Utanriksdepartementet	
Fiskeridirektoratet	
Fiskeridirektoratet Region Nord mfl.	
Fjordfiskenemnda	
Havforskningsinstituttet	
Innovasjon Noreg	
Miljødirektoratet	
Sametinget	
Sjøfartsdirektoratet	
Tolldirektoratet	
Finnmark fylkeskommune	
Lofotrådet	
Moskenes kommune	

### 2.3 Oppheving av fiskeriforbodslova

Fiskeriforbodslova regulerer retten for utlendingar til å drive hausting av villevande marine ressursar og anna fiskerirelatert verksemd i norsk territorialfarvatn. Hovudregelen er eit forbod i § 3 mot å drive fiske for dei som ikkje er norske statsborgarar eller likestilte.

Departementet har tidlegare gjennomført ein fullstendig gjennomgang av fiskeriforbodslova. Dette arbeidet resulterte i ei lovendring 31. mai 2013 der dei fleste av føresegne i lova vart oppheva eller flytta til andre lover, hovudsakleg til havressurslova, jf. Prop. 59 L (2012–2013) *Endringer i deltakerloven, fiskeriforbudsloven mv.* Ein valde likevel å la sjøle forbodet mot at utlendingar fiskar i territorialfarvatnet og enkelte andre føresegner bli ståande att i ei stuttare utgåve av fiskeriforbodslova.

Regjeringa har som eit sentralt mål å oppheve unødvendige lover, til dømes ved å inkorporere mindre lover i større lover dersom føresegne

naturleg høyrer saman. Det er i seg sjølv ei forenkling at vi får ei lov mindre. Departementet har derfor kome til at ein bør arbeide for å flytte dei attverande føreseggnene i fiskeriforbodslova til havressurslova, slik at fiskeriforbodslova kan opphevast.

Det er fleire omstende som talar for ei slik løysing. Ei flytting inneber ei oppdatering til eit moderne språk og ein betre lovteknikk. Det er positivt at det meir oppdaterte reaksjons- og sanksjonssystemet i havressurslova i tilfelle vil gjelde ved brot på dei aktuelle føreseggnene, i staden for det eldre systemet i fiskeriforbodslova.

#### **2.4 Høyring om oppheving av fiskeriforbodslova**

Departementet har utarbeidd eit høyringsnotat med forslag om oppheving av fiskeriforbodslova og endringar i havressurslova. Dette vart send på høyring 10. oktober 2016.

Departementet sende høyringsnotatet til følgjande institusjonar og organisasjonar:

Justis- og beredskapsdepartementet  
Utanriksdepartementet

Fiskeridirektoratet  
Kystvakta  
Regelrådet  
Sametinget  
Statsadvokatembeta i Tromsø og Stavanger

Det norske maskinistforbund  
Fiskebåt  
Fiskekjøpernes Forening  
Landsorganisasjonen  
Norges Fiskarlag  
Norges Kystfiskarlag  
Norsk Sjømannsforbund  
Norske Sjømatbedrifters Landsforening  
Pelagisk Forening  
Sjømat Norge

Departementet har motteke høyringssvar frå følgjande institusjonar og organisasjonar:

Justis- og beredskapsdepartementet  
  
Landsorganisasjonen  
Norges Fiskarlag  
Pelagisk Foreining

### **3 Regulering av turistfiskenæringa**

#### **3.1 Gjeldande rett**

Turistfiskeverksemder har i dag inga plikt til å rapportere fangst eller registrere fartøy med tilknytning til verksemda, sjølv om dei baserer drifta på inntekt frå fiske og fangst. Det gjeld heller inga generell plikt for sports- og rekreasjonsfiskarar til å gje opplysningar om fangst til styresmaktene, og heller inga plikt til å registrere fartøy. Dette står i kontrast til alle rapporterings- og registreringspliktene som gjeld for yrkesfiskarar.

Havressurslova § 22 femte ledd gjev likevel forvaltninga høve til å kunne påleggje eit utval av personar som driv sports- og rekreasjonsfiske å gje opplysningar om haustinga til styresmaktene for statistikkformål. Føresegna gjev høve til å påleggje det same overfor dei som driv verksemder eller anlegg der det skjer slik hausting, men ikkje overfor andre som for næringsformål legg til rette for slik hausting.

Føresegna gjev ikkje forvaltninga heimel til å opprette ei registreringsordning for turistfiskeverksemder eller krevje løyve for slik aktivitet.

#### **3.2 Høyringsforslag**

Departementet foreslo i høyringa å gje departementet heimel til å påleggje alle som eig eller driv anlegg eller verksemder sports- og rekreasjonsfiske vert driven frå, eller som på anna vis for næringsformål legg til rette for slik hausting, å gje opplysningar om haustinga, sjølv om formålet er eit anna enn statistikk. Dette inneber at pålegget til dømes kan rettast mot verksemder som legg til rette for turistfiske gjennom båtutleige, overnattning og/eller oppbevaring av fisk. Ein slik heimel vil gje forvaltninga høve til å innføre ei slik rapporteringsordning som arbeidsgruppa foreslo.

Forslaget inneber at ein utvidar kretsen av verksemder som kan påleggjast rapportering til også å gjelde dei som «på anna vis for næringsformål legg til rette for sports- og rekreasjonsfiske». Dette har samanheng med at arbeidsgruppe-rapporten *Turistfiske i sjø* understreka at det finst mange ulike aktørar som legg til rette for ressursuttak sjølv om dei ikkje driv anlegg eller verksemder sports- og rekreasjonsfiske vert driven frå. Departementet presiserte at det er behov for å kunne påleggje nokre av desse å rapportere fangst dersom ein skal kunne få ei god oversikt over relevant ressursuttak.

Departementet foreslo dessutan å innføre ei føresegns som gjev forvaltninga heimel til å stille

krav om registrering av næringsverksemd basert på sports- og rekreasjonsfiske, medrekna turistfiske. Ei slik ordning vil kunne gjerast gjeldande overfor all verksemd som kan påleggjast rapportering av fangst. Departementet meinte at ei slik ordning kan styrke forvaltninga si oversikt over næringsaktivitet og gje eit betre grunnlag for å vurdere det totale ressursuttaket i sjøen.

Departementet foreslo dessutan ein lovheimel til å gje nærare føresegner om vilkår for slik registrering. Forslaget inneber at departementet kan fastsetje krav til registrering. Til dømes kan det fastsetjast vilkår om registrering av fartøy som turistfiskeverksemduene nyttar til utleige, eller om at verksemdua informerer sine kundar om gjeldande reglar om sports- og rekreasjonsfiske.

Det vart også foreslått ein heimel for departementet til å gje føresegner om at retten til å vere registrert kan kallast tilbake ved grove eller gjeneknede brot på vilkåra.

### 3.3 Høyringsfråsegner

Det var relativt brei semje mellom høyringsinstansane om å innføre ei registreringsordning for turistfiskeverksemder. Dessutan støtta det store fleirtalet forslaget om fangstrappering.

Dei foreslalte lovendringane er ein føresetnad for to av dei sentrale tiltaka i høyringa: rapportering av fangst og registrering av turistfiskeverksemder. Høyringsinstansane var i liten grad opptekne av sjølve forslaga til lovendringar ut over at dei støtta innføring av krav til rapportering og registrering. Ingen av høyringsinstansane har konkrete innvendingar mot lovendringsforslagene.

I staden kommenterte fleire av dei den framtidige praktiseringa av regelverket, og at ordningane bør fungere på ein praktisk og lite byrdefull måte for aktørane.

### 3.4 Departementet si vurdering

Høyringsfråsegnerne gjev generell støtte til departementet sitt forslag om innføring av krav til fangstrappering og ei registreringsordning for turistfiskeverksemder. Departementet foreslår derfor å endre havressurslova § 22 femte ledd slik at ein får nødvendige heimler til å innføre slike ordningane og gje nærare føresegner.

Dersom Stortinget vedtek lovendringane, tek departementet sikte på å fastsetje forskrift med nærare føresegner om ordningane.

## 4 Oppheving av fiskeriforbodsslova

### 4.1 Gjeldande rett

Fiskeriforbodsslova regulerer retten for utlendingar til å drive hausting av viltlevande marine ressursar og anna fiskerirelatert verksemd i norsk territorifarvatn. Hovudregelen er eit forbod i § 3 mot å drive fiske for dei som ikkje er norske statsborgarar eller likestilte. Lova bidrar til at berre norske statsborgarar eller likestilte kan drive hausting av viltlevande marine ressursar i territorifarvatnet. Likestilte som norske statsborgarar vert rekna utlendingar som er busette i Noreg dersom fartøyet er under 15 meter, og ulike selskap som er eigde med minst 60 prosent av norske statsborgarar dersom enkelte andre vilkår er oppfylde, jf. lov 26. mars 1999 nr. 15 om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerlova) § 5.

Det stadlege verkeområdet til fiskeriforbodsslova er norsk territorifarvatn, medrekna territorifarvatnet ved Jan Mayen, men ikkje territorifarvatnet ved Svalbard, jf. § 1.

Føreseggnene i fiskeriforbodsslova er gjort tilsvarende gjeldande i Norsk økonomisk sone og fiskerisona ved Jan Mayen, men førebels ikkje i fiskevernsona ved Svalbard, jf. økonomiske sonelova § 3, forskrift 17. desember 1976 nr. 15 om iverksettelse av Norges økonomiske sone, forskrift 23. mai 1980 nr. 4 om opprettelse av fiskerisonen ved Jan Mayen og forskrift 3. juni 1977 nr. 6 om fiskevernsonen ved Svalbard § 2.

Økonomiske sonelova opnar likevel for at Kongen kan gjere unntak frå fiskeriforbodet i Norsk økonomisk sone og fiskerisona ved Jan Mayen i langt større grad enn det kan gjerast unntak i territorifarvatnet, jf. økonomiske sonelova §§ 4 og 6.

Hovudregelen i fiskeriforbodsslova står i § 3 og inneber eit forbod mot fiske og fangst og anna hausting av viltlevande marine ressursar i territorifarvatnet for dei som ikkje er norske statsborgarar eller likestilte etter deltakarlova § 5. Dessutan gjeld eit forbod mot å bruke andre fartøy enn norske.

Bakgrunnen for forboda var i si tid eit ønske om å redusere fiskepresset frå utanlandske fartøy i havområde nær Noreg. Forboden var viktigare i tida før det vart oppretta ei økonomisk sone i 1976, noko som gav Noreg suverene rettar til å utnytte mellom anna levande marine ressursar heilt ut til 200 nautiske mil. Ein har likevel gjeve fartøy frå andre statar lov til å fiske i Norsk økonomisk sone etter avtale med Noreg, men ikkje innanfor 12-milsgrensa. Ei rekkje statar har liknande reglar.

Fiskeriforbodslova § 4 gjev Fiskeridirektora tet kompetanse til å dispensere frå forbodet mot å nytte fartøy som ikkje er norske ved prøvedrift av nye fartøytypar eller reiskapar eller når andre særlege grunnar gjer det ønskeleg. Føresegna opnar for at utlendingar kan vere mannskap, lottfiskarar eller fartøyførarar i større utstrekning enn kva som elles er tillate.

Fiskeriforbodslova § 6 gjev Kongen heimel til å gjere unntak frå forboda i § 3 i avgrensa område i territorialfarvatnet i særlege tilfelle. For område der det er gjeve slikt løyve, kan ein fastsetje at den lovlege verksemda heilt eller delvis ikkje skal vere underlagt norsk lov. Det følgjer av forarbeida at unntak normalt berre kjem på tale i dei tilfelle der det er nødvendig av omsyn til avtale med framand stat, jf. Ot.prp. nr. 40 (1960–61). Eit praktisk døme er avtala mellom Noreg og Den europeiske unionen om gjensidig tilgang til fiske i Skagerrak for fartøy som fører dansk, norsk eller svensk flagg, underteikna 15. januar 2015.

Fiskeriforbodslova § 6 er dessutan eit av fleire heimelsgrunnlag for å tillate forskingsaktivitet med utanlandske fartøy, jf. forskrift 30. mars 2001 nr. 360 om utenlandsk vitenskaplig havforskning i Norges indre farvann, sjøterritorium og økonomisk sone og på kontinentalsockelen.

Brot på fiskeriforbodslova kan etter § 10 strafast med bøter. For gjentekne lovbroter eller ved særleg alvorlege høve, kan ein nytte bøter eller fengsel i inntil tre månader eller begge delar. Ved brot på § 3 kan ein inndra fartøy, fangst og anna utstyr, same kven som er eigars, jf. § 11.

## 4.2 Høyringsforslag

Hovudsaka i høyringsforslaget var å oppheve fiskeriforbodslova ved å flytte dei attverande føresegna i lova til havressurslova. Forslaget inneber mellom anna ei forenkling ved at ei unødvendig lov vert oppheva, og ei modernisering ved at føresegner vert flytta til ei nyare og meir oppdatert lov.

Det er ikkje eit sjølvstendig mål å gjere materielle endringar i regelverket. Mellom anna er det ikkje meiningsa å gjere endringar i verkeområdet til føresegna som vert flytta frå fiskeriforbodslova. I og med at havressurslova har eit anna og vidare verkeområde enn fiskeriforbodslova, var det derfor nødvendig å foresla eit eige kapittel i havressurslova med avvikande verkeområde.

Forslaget inneber likevel ei materiell endring ved at det meir moderne reaksjons- og sanksjonsystemet i havressurslova vil gjelde dersom utlendingar bryt føresegna som i dag finst i fiskeri-

forbodslova. Den praktiske konsekvensen av dette er mellom anna at strafferamma for utlendingar som bryt fiskeriforboden m.m. vert heva frå bøter eller fengsel i inntil tre månader til bøter eller fengsel i inntil eitt år, eller seks år ved grove lovbroter.

Den høgre strafferamma i havressurslova vart innført i 2013 og legg til rette for at Noreg kan samarbeide internasjonalt om fiskerikriminalitet innanfor rammene av FN-konvensjonen mot grenseoverskridande organisert kriminalitet. Endringa inneber likevel ikkje utan vidare eit høgre straffenivå i andre saker. Ei breiare omtale av bakgrunnen for strafferammene i havressurslova finst i Prop. 59 L (2012–2013) kap. 5.8.

Forslaget inneber dessutan at havressurslova § 54 om inndraging av fangst eller verdien av fangst som er hausta i strid med føresegner som er fastsette i medhald av havressurslova eller deltarlarova (administrativ inndraging) skal nyttast ved brot på føresegna som vert flytta frå fiskeriforbodslova. Havressurslova § 54 er eit utslag av det grunnleggjande prinsipp om at haustarar av dei marine ressursane ikkje skal få verdien av fangsten dersom dei ikkje har løyve til å fiske, eller fangsten er ulovleg etter kvotereglar eller andre reglar, jf. Ot.prp. nr. 20 (2007–2008) *Om lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova)* kap 7.4. Det er altså ikkje tale om ein sanksjon i form av straff, men inndraging av fangst som av ein eller annan grunn er ulovleg, og som det derfor ikkje er lov å hauste.

I høyringsforslaget vurderte departementet det som positivt at ein kan bruke administrativ inndraging når utlendingar bryt fiskeriforboden, på same vis som når norske eller utanlandske fiskarar bryt reglar i havressurslova.

Forslaget inneber dessutan at det kan nyttast tvangsmulkt og lovbrotsgebyr ved brot på dei aktuelle føresegna. Bruk av lovbrotsgebyr føreset at departementet gjer enkelte forskriftsendringar.

## 4.3 Høyringsfråseigner

Departementet har motteke fire høyringsfråseigner. Norges Fiskarlag hadde ingen merknader, og Landsorgnaisasjonen støtta forslaget. Justis- og beredskapsdepartementet hadde ein lovteknisk kommentar utan materiell betydning.

Pelagisk Forening støtta også forslaget, men var i mot at reglane om lovbrotsgebyr i havressurslova vert gjort gjeldande for føresegna som vert flytta frå fiskeriforbodslova. Dei er dessuten i mot at den høgre strafferamma i havressurslova vert gjort gjeldande for føresegna som vert flytta.

#### 4.4 Departementet si vurdering

Departementet foreslår på bakgrunn av høringsrunden å gjere lovendringar slik som foreslått i høyingsnotatet, dvs. å oppheve fiskeriforbodslova ved å flytte føreseggnene til havressurslova. Forslaget inneber i utgangspunktet ingen materielle endringar i regelverket ut over at sanksjons- og reaksjonsføresegnene i havressurslova vil gjelde ved brot på føreseggnene som vert flytta frå fiskeriforbodslova.

Departementet er ikkje samd med Pelagisk Forening som meiner at det bør gjelde lægre strafferammer for føreseggnene etter fiskeriforbodslova enn etter havressurslova. Departementet kan ikkje sjå sakleg grunn for ulike reglar på dette området.

Føreseggnene i fiskeriforbodslova rettar seg mot utlendingar. Departementet meiner at dei beste grunnar tilseier at dei same reaksjonsføresegnene gjeld ved utlendingar sine brot på føreseggnene som vert flytta frå fiskeriforbodslova, som ved brot på andre føresegner i havressurslova som gjeld både norske og utanlandske statsborgarar. Det er vanskeleg å sjå nokon fornuftig grunn til at det skal gjelde lægre strafferammer ved brot på føresegner som berre gjeld utanlandske statsborgarar enn ved brot på føresegner i same lova som gjeld både for norske og for utanlandske statsborgarar.

Departementet vurderer det som ein positiv konsekvens av forslaget at dei som haustar i strid med det generelle fiskeriforbodet for utlendingar får inndradd fangsten på same måten som norske statsborgarar får inndradd fangst ut over kvote, jf. havressurslova § 54. Det er vidare naturleg at heimelen til å nytte tvangsmulkt og lovbrotsgebyr får utvida sitt verkefelt til også å gjelde fiskeriforbodet m.m. Det vil vere opp til fiskeriforvaltninga å vurdere om desse heimlane skal nyttast. I praksis vil det ikkje vere aktuelt å nytte lovbrotsgebyr ved brot på fiskeriforbodet utan at ein først gjennomfører forskriftsendringar etter høyring.

#### 5 Administrative og økonomiske konsekvensar, konsekvensar for det samiske folket

Forslaget vil medføre noko ekstraarbeid for turistfiskenæringa dersom styresmaktene innfører ordningar for rapportering av fangst og registrering av turistfiskeverksemder etter at Stortinget eventuelt vedtek nødvendige lovendringar. Dette vil dessutan medføre meir ressursbruk i forvaltninga

som må administrere registrerings- og rapporteringsordningane. Vi vurderer likevel desse administrative kostnadene som relativt små i høve til fordelane ein oppnår ved at styresmaktene kan få nødvendig oversikt over ressursuttaket som turistfiskenæringa legg til rette for, og for dei positive konsekvensane dette kan ha for omdømmet til næringa.

Arbeidsgruppa bak *Turistfiske i sjø* vurderte det slik at registrerings- og rapporteringsordningane kan gjennomførast utan store kostnader til start og utvikling. Gruppa meinte at det vil vere tenleg for forvaltninga å ta i bruk verktøy som allereie finst og er tilgjengelege. Departementet stiller seg bak denne vurderinga, men understreker samtidig at slike konsekvensar skal vurderast nærmare ved utforminga av forskrifter.

Hovudformålet med forslaget om å oppheve fiskeriforbodslova og flytte føreseggnene til havressurslova er å forenkle regelverket. Forslaget vil ikkje ha særlege administrative eller økonomiske konsekvensar. Ein kan likevel merke seg at verdien av fangst som vert inndradd ved brot på føreseggnene som vert flytta til havressurslova vil tilfalle vedkomande salslag eller staten, jf. havressurslova § 54. Det er liten grunn til å tru at dette vil kunne dreie seg om store beløp eller mange inndraginger.

Departementet kan ikkje sjå at forslaget har særlege konsekvensar for det samiske folket.

#### 6 Merknader til dei enkelte paragrafane

##### Til økonomiske sonelova § 3 første ledd

Føresegna er endra slik at ho viser til kapittel 4 a i havressurslova i staden for fiskeriforbodslova som følgje av at føreseggnene det er vist til vert flytta mellom dei to lovene. Dette inneber ingen materielle endringar.

##### Til økonomiske sonelova § 6

*Første punktum* er endra slik at føresegna viser til økonomiske sonelova §§ 3, 4 og 5 og forskrifter gitt i medhald av desse. Føresegna viser ikkje lenger til havressurslova § 23 a fordi dette ville ha vore overflødig som følgje av at denne føresegna er flytta til § 23 c i nytt kapittel 4 a i havressurslova, som det er vist til i økonomiske sonelova § 3.

*Andre punktum* er endra slik at føresegna viser til havressurslova kapittel 4 a i staden for fiskeri-

forbodslova som følgje av at føresegna er flytta mellom dei to lovene.

Dette inneber ingen materielle endringar i økonomiske sonelova § 6.

#### *Til havressurslova § 22 femte ledd*

*Første punktum* gjev departementet heimel til i forskrift å påleggje verksemder i turistfiskenæringer å rapportere om fangst i sjø til styremaktene.

Dette inneber ei utviding av kretsen av verksemder i turistfiskenæringer som kan påleggjast rapportering. I tillegg til dei som eig eller driv anlegg eller verksemd for sports- og rekreasjonsfiske, kan ein med heimel i den nye føresegna også påleggje dei som for næringsformål legg til rette for slikt fiske å gje opplysningar til styremaktene om haustringa. Dette inneber til dømes at utleige av fartøy eller drift av fartøy som tek turistar med på fiske, kan danne grunnlag for pålegg om rapportering. Utleige av rom for overnatting, fiskeutstyr og/eller fasilitetar for oppbevaring av fangst kan også danne grunnlag for slikt pålegg dersom verksemda etter ei konkret vurdering kan seiast å leggje til rette for turistfiske.

Ei anna endring er at ein kan påleggje alle relevante verksemder rapportering, ikkje berre eit utval verksemder, og ikkje avgrensa til rapportering for statistikkformål.

Det vil vere opp til departementet i forskrift å fastsetje ein meir detaljert definisjon av kva for turistfiskeverksemder som er omfatta av rapporteringsplikta. Forskrifta kan fastsetje ein snevrare definisjon enn lova av kva for verksemder som skal vere omfatta av rapporteringsplikta.

Plikta til å rapportere kan gjerast gjeldande for all hausting som er omfatta av havressurslova, dvs. hausting av alle former for viltlevande marine ressursar med unntak for anadrome laksefiskar, jf. havressurslova § 3. Plikta kan gjerast gjeldande uavhengig om fangsten vert omsett.

Departementet kan i forskrift fastsetje kva informasjon den enkelte verksemda skal rapportere, og kor ofte slik informasjon skal gjevast. Det kan til dømes krevjast informasjon om fiskeslag, talet på fisk pr. fiskeslag og kvantum i kilo pr. fiskeslag.

Føresegna i første punktum opnar også for at departementet kan påleggje eit utval turistfiskeverksemder å gje opplysningar om haustinga for statistikkformål. Til dømes kan ein påleggje eit utval turistfiskeverksemder å ta del i representative undersøkingar i regi av forskingsinstitusjonar.

*Andre punktum* gjev departementet kompetanse til i forskrift å påleggje eit utval av personar som driv sports- og rekreasjonsfiske å gje opplysningar for statistikkformål. Denne føresegna er ei vidareføring av gjeldande § 22 femte ledd første punktum.

*Tredje punktum* er ei ny føresegnd og gjev departementet heimel til i forskrift å fastsetje krav om registrering av turistfiskeverksemder som kan påleggjast plikt til rapportering etter første punktum. Det går dessutan fram av tredje punktum at departementet kan gje nærmare vilkår for krav til registrering. Til dømes kan det fastsetjast vilkår om registrering av fartøy som turistfiskeverksemde nyttar til utleige, eller om at verksemda informerer sine kundar om gjeldande reglar om sports- og rekreasjonsfiske.

Forslaget om lovheimel for registreringsordning inneber ikkje at departementet kan innføre ei konsesjonsordning i tradisjonell forstand. Ein legg mellom anna til grunn at dei som fyller vilkåra i forskrifta har rett til registrering dersom dei søker om det, og vilkåra for tilbakekall av registrering ikkje er oppfylte.

*Fjerde punktum* er ei ny føresegnd og inneber at departementet i forskrift kan gje føresegner om at retten til registrering kan kallast tilbake ved grove eller gjentekne brot på vilkåra. Formålet er i utgangspunktet ikkje ei pønal tilbakekallsordning, men ei ordning som medverkar til at verksemde prioriterer å gje nødvendig informasjon til styremaktene. Dette inneber at det ikkje skal vere automatikk i at registreringa vert kalla tilbake sjølv om vilkåra i lova for tilbakekall er oppfylte, men at forvaltninga må gjere ei konkret vurdering av om den ansvarlege er eigna til å drive ei turistfiskeverksemde med dei krava til rapportering m.m. som det inneber.

Tilbakekall av retten til registrering vil kunne gjerast gjeldande for ein bestemt tidsperiode.

#### *Til havressurslova § 23 a*

Føresegna definerer eit eige verkeområde for nytt kapittel 4 a i havressurslova. Kapittel 4 a inneheld mellom anna alle føresegna som er foreslått flytta frå fiskeriforbodslova til havressurslova.

Føresegna i havressurslova § 23 a er nødvendig for å unngå at verkeområdet til føresegna i kapittel 4 a vert utvida til å gjelde heile verkeområdet til havressurslova som følgje av at dei vert flytta frå fiskeriforbodslova. Havressurslova gjeld til dømes i territorialfarvatnet ved Svalbard, i motsetnad til fiskeriforbodslova.

Føresegna definerer verkeområdet til kapittel 4 a til å omfatte norsk territorialfarvatn, inkludert territorialfarvatnet ved Jan Mayen, men ikkje ved Svalbard.

Føresegna som vert flytta frå fiskeriforbodslova gjeld i utgangspunktet i Norsk økonomisk sone og fiskerisona ved Jan Mayen fordi økonomiske sonelova § 3 viser til fiskeriforbodslova. Ein legg opp til å endre føresegna i økonomiske sonelova § 3 slik at ho i staden viser til nytt kapittel 4 a i havressurslova. Dette medfører at føresegna som ein foreslår å flytte frå fiskeriforbodslova til nytt kapittel 4 a i havressurslova framleis vil gjelde i Norsk økonomisk sone og fiskerisona ved Jan Mayen, men ikkje i fiskevernsona ved Svalbard fordi føresegna førebels ikkje er gjort gjeldande her, jf. forskrift 3. juni 1977 nr. 6 om fiskevernsonen ved Svalbard § 2.

#### *Til havressurslova § 23 b*

Føresegna er ei vidareføring av føresegna som no finst i fiskeriforbodslova §§ 3 og 4.

#### *Til havressurslova § 23 c*

Føresegna er ei vidareføring av havressurslova § 23 a som ved lovendring 31. mai 2013 vart flytta frå fiskeriforbodslova til havressurslova, jf. Prop. 59 L (2012–2013) kap. 4.8. Føresegna har i dag i

praksis same verkeområde som føresegna i fiskeriforbodslova, fordi ho gjeld direkte i territorialfarvatnet med unntak for territorialfarvatnet ved Svalbard, forutan Norsk økonomisk sone og fiskerisona ved Jan Mayen. Føresegna i fiskeriforbodslova gjeld direkte berre i territorialfarvatnet med unntak for territorialfarvatnet ved Svalbard, men er gjennom ei tilvising frå økonomiske sonelova § 3 dessutan gjort gjeldande i Norsk økonomisk sone og fiskerisona ved Jan Mayen. Dette gjer det naturleg å flytte føresegna i havressurslova § 23 a til nytt kapittel 4 a slik at alle føresegna med same verkeområde står i same kapittel i havressurslova.

#### *Til havressurslova § 23 d*

Føresegna er ei vidareføring av føresegner som no finst i fiskeriforbodslova § 6 og i havressurslova § 23 a andre ledd.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i havressurslova m.m. (regulering av turistfiskenaeringa m.m.).

---

**Vi HARALD, Noregs konge**

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i havressurslova m.m. (regulering av turistfiskenaeringa m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringar i havressurslova m.m. (regulering av turistfiskenæringa m.m.)

#### I

Lov 17. juni 1966 nr. 19 om forbud mot at utlendinger driver fiske m.v. i Norges territorialfarvann vert oppheva.

#### II

I lov 17. desember 1976 nr. 91 om Norges økonomiske sone vert det gjort følgjande endringar:

**§ 3 første ledd skal lyde:**

Det er forbudt å drive fiske eller fangst eller annen utnyttelse av viltlevende marine ressurser innenfor den økonomiske sonen for den som ikke faller inn under *deltakerloven* § 5. Bestemmelsene i *havressurslova kapittel 4 a* gjelder tilsvarende i den økonomiske sone.

**§ 6 skal lyde:**

Kongen kan gjøre unntak fra bestemmelsene i §§ 3, 4 og 5 eller forskrift gitt i medhold av disse i området mellom 12 nautiske mil og 200 nautiske mil når dette er nødvendig av hensyn til overenskomst med fremmed stat eller hvor særlige hensyn tilslter det. Slike unntak kan også gjøres gjeldende innenfor 12 nautiske mil for så vidt angår områder der bestemmelsene i *havressurslova kapittel 4 a* ikke er iverksatt.

#### III

I lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevende marine ressursar vert det gjort følgjande endringar:

**§ 22 femte ledd skal lyde:**

Departementet kan i forskrift påleggje den som eig eller driv anlegg eller verksemد for sports- og rekreasjonsfiske, eller som for næringsformål legg til rette for slikt fiske, å gje opplysningar til styremakten om haustinga. For statistikkformål kan departementet i forskrift også påleggje eit utval av personar som driv sports- og rekreasjonsfiske, å gje opp-

lysninga om haustinga. Departementet kan i forskrift fastsetje krav til registrering for å drive verksemد som nemnd i første punktum og gje nærmere føresegner om vilkår for slik registrering. Departementet kan i forskrift gje føresegner om at retten til å vere registrert kan kallast tilbake ved grove eller gjentekne brot på vilkåra.

**§ 23 a** vert oppheva.

Nytt kapittel 4 a skal lyde:

**Kapittel 4 a. Avgrensingar i fiskeriaktiviteten til utlendingar i territorialfarvatnet**

**§ 23 a Verkeområde for kapittel 4 a**

Kapittel 4 a gjeld berre i norsk territorialfarvatn, men likevel ikkje i territorialfarvatnet ved Svalbard.

**§ 23 b Forbod for utlendingar mot å drive fiske**

Det er forbode å drive fiske, fangst eller anna hausting av viltlevande marine ressursar for den som ikkje er norsk statsborgar eller likestilt med norsk statsborgar etter deltakerloven § 5.

Det er forbode å nytte fartøy som ikkje er norsk, til hausting av viltlevande marine ressursar. Som norsk fartøy vert rekna fartøy som er omfatta av verkeområdet til deltakerloven § 2.

Forboda i første og andre ledd gjeld ikkje sports- og rekreasjonsfiske etter § 22 fjerde og sjette ledd.

Fiskeridirektoratet kan for eit enkelt høve eller for eit kortare tidsrom gjere unntak frå andre ledd og frå bustadkravet i deltakarloven § 5 a dersom prøvedrift av nye fartøytypar eller reiskapar eller andre særlege grunnar gjer det ønskeleg.

**§ 23 c Forbod for utlendingar mot tilverking, pakking og omlasting**

For den som ikkje er norsk statsborgar eller likestilt med norsk statsborgar etter deltakerloven § 5, er det forbode å tilverke, pakke eller laste om viltlevande marine ressursar eller delar og produkt av slike. Forbodet gjeld fangst både frå norske og utanlandske fartøy.

Forbodet mot tilverking omfattar alt vidare arbeid med fangsten om bord i fartøyet etter at fangsten eventuelt er bløgga, sløgd og hovudkappa. Innfrysing utan at det vert arbeidd vidare med fangsten, vert likevel ikkje rekna som tilverking.

Forbodet mot pakking omfattar ikkje pakking som er naturleg fordi fangsten skal frysast inn om bord og deretter verte transportert med fartøyet. Innpakkinga skal i så fall vere ueigna for sal til forbrukarar eller andre sluttbrukarar.

Fiskeridirektoratet kan gjere unntak frå forbodet mot tilverking, pakking og omlasting når særlege grunnar tilseier det.

For norskfanga fisk kan Fiskeridirektoratet også gjere unntak frå forbodet mot tilverking, pakking og omlasting når omsynet til omsetnings-

tilhøva tilseier det, og omsynet til produksjonen ved foredlingsanlegga ikkje talar imot. Det kan gjevast unntak berre for eit bestemt kvantum, eit bestemt tilfelle, eit bestemt fiskeslag eller eit bestemt tidsrom.

#### § 23 d *Unntak frå forboda i bestemte område*

I særlege tilfelle kan Kongen i forskrift gjere unntak frå føreseggnene i dette kapitlet for bestemte område. Kongen kan gje føresegner om at fiskeriverksemdund som får slikt unntak, heilt eller delvis ikkje skal vere underlagd norsk lovjeving.

#### IV

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

---

---



07 Xpress AS